

## Silje Klepp

---

**Fra:** Randi Lisbet Urke  
**Sendt:** torsdag 17. oktober 2019 08:55  
**Til:** Silje Klepp  
**Emne:** VS: Utlysingstekst dekan AMF

Til sak om dekanutlysing

Venleg helsing

### Randi Urke

Personalsjef | Høgskulen i Volda  
T: 70 07 50 40 | M: 91 86 12 27



---

**Fra:** Odd Ragnar Hunnes <odd.ragnar.hunnes@hivolda.no>  
**Sendt:** onsdag 16. oktober 2019 11.21  
**Til:** Randi Lisbet Urke <randi.lisbet.urke@hivolda.no>; Hans Martin Dypvik <hans.martin.dypvik@hivolda.no>  
**Kopi:** Karen Fredrikke Lomeland Jacobsen <karen.fredrikke.lomeland.jacobsen@hivolda.no>  
**Emne:** SV: Utlysingstekst dekan AMF

Hei,  
Saka har vore til behandling både i leiarmøtet og i avdelingsrådet.  
Frå leiarmøtet 08.10.19: Det er sentrale prosessar både knytt til studieportefølje og budsjettarbeid i haustsemesteret, der dekan har ei sentral rolle. Det er eit ønske at ein kan få på plass tilsetjinga på eit tidlegare tidspunkt enn 01.09.19, slik at ny dekan får betre tid til å setje seg inn i forhold knytt til avdelinga og organisasjonen, og ikkje må stupe inn i pågåande prosessar.

Frå avdelingsrådet 08.10.15 (med kommentarfrist for møtedeltakarane 15.10) **Sak 10/19**

#### **Utlysingstekst, dekanstillinga ved AMF frå hausten 2020:**

Eit forslag til utlysingstekst var sendt ut som del av sakspapira. Teksten var omtrent likelydande med den som var nytta ved siste utlysing etter dekanar ved HVO. Ulike sider vart drøfta, mellom anna korleis ein kan sikre at det vert lagt tilstrekkeleg vekt på god kjennskap til universitets- og høgskulesektoren ved tilsetjing. Elles vart det peika på at det er sterkt ønskeleg å få ei tilsetjing så tidleg som råd, og i alle fall frå 01.08.2020. Dette med tanke på planlegging og gjennomføring av studiestart i august.

#### **Vedtak:**

Avdelingsrådet ber høgskuleleiinga om at tidspunktet for tiltrede i dekanstillinga vert sett så tidleg som juridisk og praktisk mogleg og seinast 01.08.2020.  
Vedtaket var samrøystes.

#### **Min personlege kommentar:**

Me skjønar at det kan vere juridiske omsyn som hindrar eit starttidspunkt før 01.09.19.  
Eg håpar at det eg har referert frå leiarmøtet og avdelingsrådsmøtet ovanfor ikkje underkommuniserer kor problematisk fagmiljøa meiner at eit så seint startpunkt som 01.09 vert oppfatta å vere.  
Er det mogleg å tenkje seg ei tilsetjing t.d. frå 01.06.20 og så leggje opp til at det kan vere ei *formell* overlappingsperiode 01.06 – 31.08? Eller kanskje det finst betre løysingar: det er i alle fall viktig at det verkeleg vert arbeidd for å finne ei løysing som kan fungere godt for urolege sinn (og dei er det ein del av i AMF med tanke på denne tilsetjingsprosessen).  
Helsing

Odd Ragnar

---

**Fra:** Randi Lisbet Urke <[randi.lisbet.urke@hivolda.no](mailto:randi.lisbet.urke@hivolda.no)>

**Sendt:** onsdag 16. oktober 2019 10:59

**Til:** Odd Ragnar Hunnes <[odd.ragnar.hunnes@hivolda.no](mailto:odd.ragnar.hunnes@hivolda.no)>; Hans Martin Dypvik <[hans.martin.dypvik@hivolda.no](mailto:hans.martin.dypvik@hivolda.no)>

**Kopi:** Karen Fredrikke Lomeland Jacobsen <[karen.fredrikke.lomeland.jacobsen@hivolda.no](mailto:karen.fredrikke.lomeland.jacobsen@hivolda.no)>

**Emne:** SV: Utlysningstekst dekan AMF

Hei,

For ordens skuld; eg kan ikkje sjå at eg har motteke noko merknader til utlysningsteksten?

Venleg helsing

**Randi Urke**

Personalsjef | Høgskulen i Volda

T: 70 07 50 40 | M: 91 86 12 27



---

**Fra:** Randi Lisbet Urke

**Sendt:** onsdag 2. oktober 2019 09:33

**Til:** Odd Ragnar Hunnes <[odd.ragnar.hunnes@hivolda.no](mailto:odd.ragnar.hunnes@hivolda.no)>; Hans Martin Dypvik <[hans.martin.dypvik@hivolda.no](mailto:hans.martin.dypvik@hivolda.no)>

**Kopi:** Karen Fredrikke Lomeland Jacobsen <[karen.fredrikke.lomeland.jacobsen@hivolda.no](mailto:karen.fredrikke.lomeland.jacobsen@hivolda.no)>

**Emne:** Utlysningstekst dekan AMF

Hei,

Åremålet for dekanstilling AMF går ut 01.09.20.

Saka skal opp i oktobermøtet i Høgskulestyret.

Vi har utarbeidd ei utlysningstekst som i hovudtrekk er lik den vi brukte i fjor då vi skulle ha på plass dekan for nytt åremål på ASH, AKF og AHL.

Vi ynskjer at leiinga og avdelingsrådet ser på vedlagt tekst og evt. kjem med dykkar innspel.

Styresakene skal vere klare til 13. oktober, så ber om innspel slik at eg rekk å få innarbeidd evt. endringar før det.

Venleg helsing

**Randi Urke**

Personalsjef | Høgskulen i Volda

T: 70 07 50 40 | M: 91 86 12 27

[www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

<mailto:randi.lisbet.urke@hivolda.no>

